



Årsplan
2015-2016
Spesiell del



Innleiing:

Denne planen er ein del av Gjerdane barnehage sin årsplan frå 2014-2017.

Årsplanen vår er todelt; ein generell del, med mykje info om barnehagen og måten vi jobbar på, og ein spesiell del, som inneheld meir konkrete planar for dette barnehageåret og den barnegruppa vi har no.

Begge delane kan ein finne på nettsida vår, gjerdane.barnehageside.no, eller få den utdelt i papirform frå barnehagen.

Gjerdane barnehage har i år 52 barn i alderen 1-6 år, fordelt på dei tre avdelingane Gullfisken, Marihøna og Sommarfuglen.

Dette barnehageåret har vi ei ekstra satsing på leik med språk, og språk i leik.. Dette er ein del av ei større og meir langsiktig satsing på språk. Vi legg til rette for språkstimulerande leikemiljø i barnehagen. Gjennom fellesopplevingar i barnegruppa, får ein næring til ny leik og nye omgrep som barna tek med seg i leiken.

Gjennom å leike med språket, vil vi at borna skal bli meir språkleg medvitne på korleis språket er bygd opp.

Observasjonar av bruken av språk i leiken vil vere eit viktig grunnlag for dette arbeidet.

De kan lese meir om korleis avdelingane tenkjer å jobbe med dette under kvar avdeling sin del i årsplanen.

Dersom de som foreldre har ønskjer, innspel eller spørsmål til korleis vi jobbar her i barnehagen, set vi stor pris på at de gir tilbakemelding til oss i barnehagen.

Vil med dette ønskje alle eit godt og innhaldsrikt barnehageår!

Tove Hanebrekke Starheimsvik
Styrar

Kontaktinfo:

Gjerdane barnehage
Fossevegen 2
6770 Nordfjordeid
Tlf 95864013

gb@eid.kommune.no

Gullfisken	97128473
Sommarfuglen	97077313
Marilhøna	97116735

Opningstider

Barnehagen er open frå 6.45 til 17.00 alle kvardagar. Barnehagen er stengd i påskeveka, julafta, romjula og nyttårsafta.

Planleggingsdagar dette året:

17. august
5. og 6. oktober
4. januar
6. mai

**Barnehageplassar:**

Samansetjing av barnegruppa vert gjort om våren ved opptak til nytt barnehageår. Vedtektene for opptak står i vedtektene for barnehagane i Eid kommune.

Oppseiing av barnehageplass må gjerast frå 1. eller 15. i kvar måned. Når barna skal over i skulen, må barnehageplassen seiast opp. Oppseiingstida er 1 måned.

Foreldreråd og Samarbeidsutval

Kva rolle og oppgåver foreldreråd og samarbeidsutval har, kan de lese om i den generelle delen av årsplanen.

Representantar i samarbeidsutvalet og verneombod dette barnehageåret er:

Foreldra:

- Jeanett Dalseth Endal
- Vara: Gjermund Tomasgard
- Else-Marit Hatledal
- Vara: Ann-Kristin Endal

Personale:

Haldis Nesbakk
Vara: Marry-Ann Vambeseth
Laila Dahlgren
Vara: Sissel Høyenes

Eid kommune

Sekretær:

Tove H. Starheimsvik

Verneombod:

Elna Aaning Olsen

Organisering av kvardagen.

Dagsrytmen i barnehagen er i grove trekk lik for alle avdelingane for å oppnå mest mogleg heilskap i planlegginga og gjennomføringa av arbeidet. Det vil likevel vere litt variasjonar med omsyn til alder, barnegruppe og aktivitetar.

Hovedmåltidet har vi kl 11.30 på alle 3 avdelingane. Her dekker vi på bordet med variert utval av pålegg, og barna smører maten sin sjølv. Mange klarer det heilt åleine, medan andre må ha litt hjelp og støtte frå ein vaksen.

Rundt kl. 14 får barna fruktmåltid, og skive eller knekkebrød etter behov.

Frå 6.45 til 7.30 er det berre ei av avdelingane som er open. Foreldra er då ansvarlege for å levere barna på den avdelinga som er personale på. Vi samlast og på ei avdeling med dei barna som er igjen frå 16.30 til 17.00.

Kjernetida i barnehagen er frå 9.30-14.00. I denne tida har vi det meste av planlagde og frie aktivitetar. Det er viktig at de gir beskjed om barna kjem seinare enn 9.30, slik at vi kan styre aktivitetane utifrå det.



GULLFISKEN

Dette barnehageåret har vi 9 Gullfiskar her i barnehagen.

2015- modellane er : Rasmus

2014-modellane er: Syver, Ådne, Eivind

2013-modellane er: Harald, Jenny,
Iselin, Willow og Oliver



Personale som skal vere saman med barna på Gullfisken er:

Laila Dahlgren som pedagogisk leiar
Haldis Lindset Nesbakk som
fagarbeider
Marry-Ann Vambeseth som assistent
Elna Aaning Olsen som fagarbeider



Slik ønskjer vi å jobbe på Gullfisken dette barnehageåret:

Ved oppstart til nytt barnehageår vil vi bruke god tid på å lære barna gode rutiner på dei ulike rutinesituasjonane.

- Handvask. Vi vaskar hender før måltid og etter dobesøk.
- Måltid. Viktig med gode samtaler, viser vanleg bordskikk t.d. behandle maten skikkeleg, vente på tur og sitte med bordet til ein er ferdig å ete.
- Av/påkledning. La barna få kle på det dei greier sjølv, og hjelpe og støtte barna i det dei treng litt hjelp til enda. Dei som treng hjelp må øve seg på å vente til ein voksen kan hjelpe.
- Do-gåing/bleieskift. La borna få bruke den tid dei treng på badet. Oppmuntre til å sitte på do/potte. Minne borna på handvask etter dobesøk.
- Leik. Gjennom leik og i møte med andre barn og vaksne lærer borna korleis ein skal vere mot kvarandre. Vi vaksne rettleiar og hjelper borna i kommunikasjon med andre.

Vil også bruke god tid på at alle på avdelinga (både born og vaksne) skal bli godt kjende med kvarandre. Vi skal vise at vi bryr oss om kvarandre. Sette oss inn i kvart enkelt barn sin familie og nære personar. Dette ved å la barna få fortelje det dei klarer sjølv og ved å sjå i "bøkene" som foreldra har laga til barna.

Leik med språk og språk i leik

Barnehagen skal også dette barnehageåret ha fokus på språk- og språkstimulerande aktivitetar, med hovudfokus på «Leik med språket og språk i leik». Vi vil bruke mykje song, rim og regler i samlingane og elles i leik med

barna. Vi har laga oss ein perm for språktrening, vi vil lage ulike lottospel med kjende bilde for barna og vi vil bruke mykje familiebøkene i samtale med barna.

Elles gjennom året vil vi følgje årstidene, sjå og oppleve dei endringane som skjer rundt oss.

Haust. September, Oktober og November kjem vi til å ha fokus på dette:

- Sjå etter endringar som skjer ute i barnehagen og når vi går på tur
- Basar - Barn i andre land. Lage gevinstar til basaren
- Brannvern
- Mørketid - Refleksbruk.

Vinter. Desember, Januar og Februar

- Juleførebuingar. Lage litt julegåver/pynt, synge Julesongar, julebakst, nissefest, julebord for barna og julefortellingar.
- Studere snø og is. Ha eksperiment der vi ser på kva som skjer med snøen når vi tar den inn i barnehagen, og kva skjer med vatn når det frys.
- Lage ting av snø og is. Konstruksjonsleik.
- Karneval. Lage oss enkle kostymer med tema frå songen Dyrene i Afrika.

Vår. Mars, April og Mai

- Sjå etter endringar i naturen som skjer rundt oss ute i barnehagen og når vi er på tur.
- Lære namn på nokre av blomstrane og fuglane vi ser når vi er ute. Lukte på blomstrar vi ser og lytte til lydar fuglane lagar.
- Påskeaktivitetar
- Snakke om dei ulike kroppsdelane, kva dei heiter og kva funksjon dei har. Spa-samling, der vi tar fotbad til dempa belysning og roleg musikk, saft og frukt.
- Lamming. Vi prøver å få til besøk til nokon som har sauer og lam i nærleiken av barnehagen.

Sommar. Juni, Juli og august

- Nyte sommaren, vere mykje ute

- Jonsokfeiring. Kle oss ut som brud og brudgom. Besøk på Eid sjukeheim.
- Besøk av nye barn

Under dei ulike tema vi er innom og har fokus på kjem vi til å vere meir eller mindre innom alle dei ulike fagområda i Rammeplanen.

Vi skal gå turar i nærmiljøet. Gjere barna kjende med kva vi har i nærmiljøet rundt barnehagen vår (Golvsengane barnehage, sjukeheimen, Mehltunet, hestesenteret, operahuset, kyrkjeparken, barneskulen, Sjøgata, Eidsgata osv.) Vi vil fortsette å bruke teikn til tale. Vi syng mykje saman med barna. Kvar månad vel vi ut nokre songar, rim og regler som passar til tema vi held på med. Fortelling og dramatisering av eventyra vil vi også prøve å få til. Dei eventyra vi kjem til å bruke mest er Bukkane Bruse, Tornerose, Gullhår og Rødhette.



SOMMARFUGLEN

På Sommarfuglen har vi i år 19 barn i alderen 3-5 år, som er fordelte i fylgjande grupper;

Rødkløverane-> Simen, Odin, Aleksander, Trym, Hans Erik, Iver, Elias V, Jane-Kristin og Malene

Blåklokkene-> Elias E.T, Linus, Ole-Jakob, Ragna og Osman

Solsikkene-> Jonas, Oddmund, Ari, Jakob og Sinan

Personalgruppa dette året ser slik ut;

Torill Espelund; Pedagogisk leiar

Doris Stave Kolseth; Fagarbeidar

Bodil Nygård; Assistent

Jane Stien; Assistent

May Ines Navelsaker; Ekstraressurs



For at barna skal utvikle ein god språkleg kompetanse, er det viktig å gje dei varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, og som reiskap for tenking og som uttrykk for eigne tankar og kjensler. Dette inneber blant anna eit rikt og variert språkmiljø i barnehagen (Rammeplanen 2011).



Dette året er det andre året i ein temabolk om språk. Vi skal ha fokus på språkstimulering gjennom «språk i leik og leik med språk». Dette er eit satsingsområde som vi har valt å dele i to delar: «Språk i leik», og «leik med språk».

Språk i leik;

- Gje barna fyrstehandserfaringar, som t.d. turar og opplevingar som stimulerer til bruk av nye ord og uttrykk i leiken.
- Bedriftsbesøk (sept, okt, nov). I etterkant av kvart besøk lagar vi collage med bilete som blir hengt opp på avdelinga, for å motivere til bruk av språk, nye omgrep og forteljarglede. Samlingar i etterkant av besøk der vi bearbeider turen og forklarar ukjende ord og uttrykk vil og vere ein del av dette.
NB! Vi går med gruppa til det barnet som tilhøyrrer mor/far sin arbeidsplass.
- Lage butikk (jan og febr); Vi byter ut «gardsrommet» til «butikkrom», og fokuserer på omgrep i forhold til dette. Vi lagar «pengar» og handlar.
- Lage legekantor (mars/april). Vi fokusere på tema; kroppen vår. Dersom det er nokon som har tome emballasjar eller doktorartiklar liggande, kan de gjerne ta med dette.
- Forteljarkalendar; Barna får formidle opplevingar og hendingar i fellesskap med andre.

Leik med språk;

Dette er noko som skal vere med oss gjennom heile året, både i frileik, samlingar, turar og liknande, men med størst fokus etter nyttår.

Vi skal ha fokus på fylgjande;

- Rim og regler
- Eventyr
- Tøysevers
- Songar/songleikar
- Lage historier (både fantasi -og bilete historier)
- Lage ord med bokstavkorkar (ta gjerne med korkar til melkekartongar dersom de har)

Generelt i satsingsområde vil vi ha fokus på deltakande og støttande vaksne i leiken. Dette for at leiken ikkje skal bli avbroten fordi barna manglar ord og språkforståing.

Andre tema gjennom året;

Brannvern; Vi skal gjennomføre både ei planlagd brannøving og ei som ikkje er planlagd. Vi skal høyre på brannalarmen, og gjere oss kjende med rutinar i tilfelle brann. Vi avsluttar temaet med besøk til brannstasjonen.

Trafikktryggleik; Vi jobbar med refleksbruk, mørketid og bruk av sykkelhjelm. Vi brukar beltedyret «Tarkus» i formidlinga av både desse og andre tema under trafikktryggleik.



Barn i andre land; Vi lagar gevinstar og arrangerer basar til inntekt for FORUT og fadderbarnet vårt BARNO.

Advent/jul; Vi brukar historia om «Pulverheksa og Julenissen» som førjulshforteljing, der vi les ei historie kvar dag. Denne heng vi opp på kalendaren samstundes så barna får trekke eit pepperkakehjarte kvar dag og ta med heim.

Karneval; Vi lagar kostymer basert på tema «Dyrene i Afrika», og der barna sjølve er med på å velje kva «dyr» dei vil vere.

MARIHØNA



Barnegruppa:

Dette barnehageåret er vi 24 barn på Marihøna; 13 gutar og 11 jenter.

Når vi delar oss i aldersdelte grupper ser gruppene slik ut:

«Rødkløverane», født i 2010: Samuel, Rune, Jonah, Emma Louise, Tuva, Salma, Tonje og Tuka

«Blåklokkene», født i 2011: Severin, Sverre, Eivind, Emil, Mohammad, Sverre, Liam og Katrine

«Solsikkene», født i 2012: Isak, Jonas, Ibrahim, Jenny, Øyvor, Erika, Sara og Anna

Personalgruppa:

Sissel Høyenes, pedagogisk leiar

Marte Starheimsæter,
barnehagelærar

Roger Nygård, assistent

Mette Hjelle, fagarbeidar

Marry-Ann Vambeseth, assistent

Anne Mette Lillestøl, arbeidspraksis
og vikar



Kjellargruppa:

Dette året har vi ei fast kjellargruppe, som er nede ilag med ein vaksen frå 8.30 - 15.30 kvar dag. Barna og dei vaksne byter på å vere nede ei veka av gangen. Dei som sit på «heksekosten» på garderobedøra, er dei som skal vere nede.

Erfaringane så langt er positive. Det vert meir tid og ro til å få sjå kvart enkelt barn når vi er nede. Det er mindre som forstyrrar både den vaksne og barna. Vi legg opp til aktivitetar der vi kan spele spel, lese, bruke data, pusle, leike og holde på med ulike formingsaktivitetar som snekring, klippe, lime, teikne, male og forme. Uteleik vert det sjølvsgagt kvar dag på denne gruppa også. Tur for kjellargruppa vert kvar tysdag. Då blir ein vaksen til med i gruppa.



«Språk i lek - lek med språk»

I det andre året vårt med språk som satsingsområdet vil vi ha fokus på 2 områder av språket.

Vi vil sjå på korleis vi (både barn og vaksne) brukar språket i leiken. Vi vil ha fokus på å bruke ein positiv tone når vi snakkar ilag. Vi må sjå til at alle får vere med, og ha medverknad på leiken. Dei vaksne skal vere med å støtte dei som synst dette er litt vanskeleg. Vi ønskjer å bruke leiken til å auke ordforråd og språkforståinga. I tillegg til den «vanlege» leiken vil vi lage til 6 ulike leikemiljø gjennom året som vi vil nytte i denne språkstimuleringa.

Vi har valt oss desse emna som vi vil bygge opp leikemiljø rundt:

1. *Dinosaur* oppe og *legekontor* på kjellargruppa (september - november)
2. *Eventyr* oppe og *himmel og hav* på kjellargruppa (januar - mars)
3. *Butikk* oppe og *bondegård* på kjellargruppa (april - juni)

«Leik med språk» er den andre delen av satsingsområdet. Den går meir på å bli bevist på språket som system.

Vi skal lytte ut lydar, dele opp ord, finne fyrste og siste bokstav i ordet, sette saman nye ord, finne lange og korte ord, stavingar, rim og regler, vitsar og gåter.



Andre tema gjennom året er:

Årstidene, Barn hjelper barn (FN dagen og basar), høgtidene, brannvern og trafikktryggleik.

I adventstida kjem vi til å ha «hjertekalender», og ulike julehistorier kvar dag. Dette blir ei felles stund for både kjellargruppa og gruppa oppe før maten.

Til karnevalet vert det i år «Dyrene i Afrika» som tema. Vi brukar tida etter jul til å lage våre egne kostymer.


FØRSKULEGRUPPA

Vi har 17 førskulebarn i barnehagen i år. 9 på Sommarfuglen og 8 på Marihøna. Gruppa er så stor at det ikkje vert felles førskulegruppe dette året. Torill har ansvar for gruppa på Sommarfuglen, og Marte for Marihønegruppa.

Kvar førskulegruppe har ei økt med høgtlesing. På aktivitetane/turane til våren vil vi vere ilag begge gruppene.

Tema for førskulegruppene:

- Meg sjølv; måle høgd og teikne seg sjølve
- Songleikar
- Arbeidsoppgåver; klippe, lime, teikne, lære nye omgrep
- Trafikktryggleik - Tarkus
- Bokstavar og tal
- Klokka
- Rim og regler, vitsar og gåter
- Besøk til skulane
- Sykkeldag
- Overnatting i barnehagen
- Fjellturar; Skårhaugsætra og Fannstøylen



Skulane har eigne innskrivingsdagar, og førskuledag for skulestartarane våre. På foreldresamtala om våren går vi igjennom ilag med foreldra om kva informasjon det kan vere nyttig å føre over til skulen.

AKTIVITETAR I LØPET AV BARNEHAGEÅRET

Her er ei liste over faste arrangement i barnehageåret:

- Rikskonsert/ andre forestillingar 11.9 og 15.9
- Fotografering - gruppe- og portrettbilde 15.10.
- Kafe/Basar i tilknytning til FN dagen. Innsamling til fadderbarnet vårt og FORUT. I år er det basar måndag 26.10 kl.14.30-16.15.
- Lucia-feiring - vi går Lucia opptog på Eid sjukeheim 14.12.. Vi bakar Lussekattar til denne dagen.
- Adventstund i Eid kyrkje onsdag 16.12 kl. 10.00 (barn som har fri kan vere med med følgje av ein vaksen.) På denne deltek berre Blåklokkene og Rødkløverane.
- Julebord for barna tysdag 15.12 - vi pyntar oss og går på Bryggen hotell og et god mat og dessert. Det vert her ein eigenandel på kr 50,-.
- Nissefest med julegraut 18.12. - Vi kler på oss nissehue, går rundt juletreet, et graut og kanskje kjem nissen????

- Barnehagen sin bursdag 24.januar. Vi feirar mandag 25.1 med foreldrecaffi frå kl. 14.30. Minikonsert ca. kl.15.15.
- Karneval fredag 5.2 - I år blir årets karneval inspirert av Dyrene i Afrika. Barna er med på å lage sitt eige dyrekostyme.
- Show på hestesenteret -Kvart år brukar vi å bli inviterte på show på hestesenteret i regi av hestelinja ved Fjordane folkehøgskule. Dette opplegget er laga rundt ulike tema, og passar best for dei større barna. Vi har difor valt å ha med berre Rødkløverane dit.
- Vårfest - barnehagetog i Eidsgata med påfølgande feiring her i barnehagen. Dette vert ein av siste dagane før 17.mai.
- Jonsok feiring 23.6 - Vi plukkar blomster, kler ut jonsokbrurepar og går på besøk til Eid sjukeheim der vi deler ut små blomsterbukettar og syng og underheld dei som bur der. På jonsokfeiringa på sjukeheimen er det Blåkløkkene og Gullfiskane som deltek. Feiringa held fram i barnehagen med alle barna, og vi kosar oss med gele.
- Dugnad dersom behov.
- Sommarfest - dette er eit samarbeid mellom barnehagen og samarbeidsutvalet. Underholdningsinnslag frå barnehagen. Dei som skal slutte i barnehagen får ei lita overrasking. Kos og grilling etterpå.
- Avslutningstur for 6 åringane - Dagstur

Det kjem alltid tilbod om ulike arrangement vi kan vere med på gjennom året, dei vert vurdert i kvart enkelt tilfelle.

Det kan bli tatt ein liten eigenandel på enkelte aktivitetar. (t.d julebord og kino)

Gjerdane barnehage har valt å ikkje la nokon henge opp plakatar eller dele ut noko til barna om aktivitetar som er på fritida. Dette fordi det høyrer privatlivet til og at ein ikkje skal føle seg pressa til å delta. Dette gjeld og utlevering av bursdagsinvitasjonar.

